



Samferdselsdepartementet
Akersgata 59 (R5)
0030 OSLO

Dato: 26.11.2014
Vår ref.: 2014/10571-15
Saksbehandlar: Kjetil Sigvaldsen
Dykkar ref.:

Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda –Søknad om ny avtale 2015-2018

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune arbeider målretta med å sikre ei berekraftig areal- og transportutvikling i tråd med lokale, regionale og nasjonale målsettingar. Vi søker med dette om ein ny 4-årig avtale for perioden 2015-2018 «Belønningsordninga for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene». For å oppretthalde den positive trenden i reisevanar i Bergensområdet, er belønningsordninga eit viktig bidrag til finansiering av drift og investeringstiltak i transportsystemet.

Søknad gjer greie for strategiar i areal- og transportpolitikken i Bergensområdet som ligg til grunn for søknad om ny 4-årig belønningsavtale og påfølgjande utforming av ein heilskapleg bymiljøavtale:

- Meir berekraftig areal- og transportplanlegging
- Styrke konkurransekrafta til dei miljøvenlege transportformene
- Redusere miljøbelastninga frå vegtrafikk
- Redusere gjennomgangstrafikk og sårbarheit i sentrum

I avtaleperioden 2011-2014 for tildeling av belønningsmidlar har Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune forplikta seg til mål om reduksjon i personbiltrafikken. Reisemiddelfordelinga visar ei positiv utvikling i Bergen kommune og Bergensområdet. Og dette på tross av auke i både folketal og reiseaktivitet. Reisevaneundersøkinga (RVU) for Bergensområdet 2013 visar eit trendbrot kor færre køyrer bil, fleire nyttar kollektivtransport og fleire går.

Utfordringa for Bergensområdet er å vidareutvikle transportsystemet for å gi god tilkomst til viktige reisemål, med høg mobilitet og effektiv transport for personreiser og næringstransport, og på same tid leggje til rette for ei berekraftig utvikling med omsyn til arealbruk, utslepp av klimagassar, støy og lokal luftforureining.

Søknaden omhandlar i hovudsak tiltak innanfor Bergen kommune sine grenser, og er utarbeida i tråd med retningslinene for Belønningsordninga. Følgjande effektmål er lagt til grunn for fireårsperioden 2015-2018:

Nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i perioden 2015-2018

Tiltaksplanen i søknad viser det samla arbeidet som er planlagt gjennomført i avtaleperioden for å oppnå effektmålet:

- Tiltak for å redusere personbiltransporten
- Tiltak for å gjere kollektivtransporten meir attraktiv og kapasitetssterk

- Tiltak og strategiar for meir berekraftig areal- og transportplanlegging
- Tiltak for å auke delen av reiser med sykkel og gange
- Tiltak for å redusere lokal luftforureining

Søknaden er lagt fram for handsaming i politiske organ i Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune. Vedlagt er også protokoll frå den fylkespolitiske handsaminga. Vedtak i Bergen kommune vil bli ettersendt.

Ver vennleg å ta kontakt med rådgjevar Kjetil Sigvaldsen (Kjetil.Sigvaldsen@hfk.no) dersom det skulle være behov for ytterlegare opplysningar og informasjon.

Med helsing

Tom-Charster Nilsen
Fylkesordførar

Vedlegg

- 1 Søknad 2015-2018 - Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda
- 2 Saksprotokoll i fylkesutvalet - 30.10.2014